

## FRAMLEGG TIL NY BARNEHAGELOV – HØYRING

### Fagforum for utdanning i Utdanningsforbundet Hordaland

Departementet ber høyringsinstansane i utdanningsforbundet uttale seg om høyringsnotatet. Utdanningsforbundet har bedt Hordaland fylkeslag spesielt uttale seg om kapittel III og IV: *Ansvar og myndighet og Barnehagemyndighetenes generelle oppgaver m.v. og Kapittel V: Personalet*. Fagforum for utdanning i Utdanningsforbundet Hordaland vil kome med 330.00 følgjande kommentarar til desse kapitla:

#### *Kapittel III: Ansvar og myndighet*

##### Våre kommentarar til dette kapitlet:

Vi meiner at ein i kapittel 8.1.1, § 13 ikkje må skrive ”*virksomheter som gir tilsyn til barn*”. Barnehagar er eit pedagogisk tilbod for barn, og ved å bruke omgrepet tilsyn, skil ein ikkje mellom pedagogiske verksemder og ulike private tilsynsordningar for barn. Det må kome tydeligare fram at barnehage er eit pedagogisk tilbod for barn.

Det er bra at departementet har som intensjon å gjere tydeleg kva ansvar kommunen har som lokal tilsynsmyndighet. Det er viktig at kommunane har ansvar for utbygging og drift av barnehagane. Vi meiner at lova også må være tydeleg på kommunen sitt faglege ansvar. Det er det ikkje i det noverande forslaget. Det må også vere eit krav i lova om at alle kommunar skal ha barnehag fagleg kompetanse i administrasjonen.

#### *Kapittel IV Barnehagemyndighetenes generelle oppgaver*

##### Våre kommentarar til dette kapitlet:

##### *9.1 Godkjenning av barnehagar*

Vi støtter ikkje departementet sitt forslaget om å ikkje vidareføre § 3 i noverande lov om barnehagen si utforming. Vi støttar ikkje forslaget om at det ikkje er behov for å vidareføre den rettleiande norma om leikeareal inne og størrelse på ute areal, og at ikkje bestemming om at uteområdet normalt skal ligge i umiddelbar tilknytning til det til barnehagen sine lokal. Vi kan ikkje støtte å oppheve kravet om at vilkår etter anna lovverk skal være klargjort før godkjenning blir gjeven.

Vi kan ikkje støtte nokon av desse forslaga som kjem fram i 9.1., då vi meiner at i ein pressa kommuneøkonomi kan det opne opp for å senke den pedagogiske kvaliteten på barnehage tilbodet.

#### *Kapittel V: Personalet*

##### Våre kommentarar til dette kapitlet:

Vi vil understreke at dagens utdanningskrav for pedagogisk personalet må blir oppretthaldt for å sikre barnet sin rett til eit pedagogisk forsvarleg pedagogisk tilbod i barnehagen.

At kravet til formell kompetanse er regulert i lov form er særskilt viktig for å sikre barnet sin rett til eit pedagogisk kvalitativt tilbod i barnehagen og for å kunne styre og utvikle kvaliteten i denne sektoren. Vi vil understreke at det er ingen anna utdanning i Noreg enn førskulelæruddanning som er retta inn mot barn under skulepliktig alder.

Vi krev at det skal vere pedagogiske leiarar i kvar barnehage og at desse skal ha utdanning som førskulelærarar. Departementet sitt forslag svekkar utdanningskravet til pedagogisk

bemanning. I høyringsnotatet drøftar departementet grundig styrar/ dagleg leiar, og peikar på at nasjonale omsyn tilseier at bestemming om fagleg leiing av barnehagen er naudsynt for å sikre barn likeverdige pedagogiske tilbod. Det blir vektlagt at barnehagen har ein kompetent fagleg leiing som er tilstades for barn, foreldre og tilsette. Departementet skisserer to alternativ. Vi meiner at ingen av forslaga opprettheld kravet til styrar slik som det gjer i noverande lov. Vi meiner at det i lovforslaget må kome tydeleg fram at lova må krevje førskulelærerutdanning for å kunne gå inn i leiarstillingar i barnehagen, herunder også styrarstilling.

Departementet må koma med pålegg om kor mange tilsette, både av førskulelærarar, assistentar og barn det skal vere i ei gruppe. Lokal handlefridom i forhold til dette, kan medføre at kommunane i ein pressa økonomisk situasjon kan svekke noverande standardar til eit pedagogisk kompetent personalet, vedta mindre areal for kvar einskild, og bestemme at færre vaksne får fleire barn etc. I den noverande barnehagelova har vi ein minstestandard for bemanning som vi meiner er eit minstekrav for å kunne sikre pedagogisk kvalitet i barnehagen. Difor meiner vi at noverande minstestandard må bli vidareført, og det må kome fram i lova. Vi meiner at det pedagogiske personalet i barnehagen må ha barnefagleg og pedagogisk kompetanse, og at den beste utdanninga er førskulelærerutdanning. Det må gå fram i lova at det pedagogiske personalet skal ha førskulelærerutdanning.

Vi stiller eit stort spørsmålsteikn ved at departementet vil foreslå å fråvike krav om barnefagleg og pedagogisk kompetanse hjå personalet som arbeider i barnehage på nattetider. Vi meiner at konsekvensane av den seinare forskingsbaserte kunnskapen om seksuelle overgrep av barn både innanfor private og offentlege omsorgstilbod, er at barn har krav på eit personalet med barnefagleg og pedagogisk kompetanse på nattetid. Det er eit statleg, pedagogisk og moralsk samfunnsvar at barn både på dagtid og nattetid i barnehage skal bli ivaretatt av eit personalet med barnehagefagleg og pedagogisk kompetanse.

Vi vil ikkje støtta noko lovforslag som inneber å svekke dagens utdanningskrav til det pedagogisk personalet i barnehagen, og vi ønskjer å fjerne bestemming om dispensasjon.

Høyringsutkast frå Fagforum for utdanning i Utdanningsforbundet i Hordaland

v/ Randi Moe

Bergen, 09.01.05